DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

# REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

| | |
|---|---|
| Dato: | 09.01.2024 |
| Desse møtte: | Anne Vierdal, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Solfrid Habbestad, Lars Severin Reiersen, Eirik Aadland Tappel, Bente Johannesen, Astrid Yasmin Furdal, |
| Fråvær: | Lars Edvart Larsen (vara) og Rikard Stokkenes (vara) |
| Referent: | Sigrund Breistig |

| | |
|---|---|
| SR 1/25 | **Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden**<br><br>Følgjande saker blei meldt til eventuelt:<br><br>**Vedtak:**<br>Innkalling og saksliste blei godkjent.<br><br>**Eventuelt sakar:** Informasjon om brann og rømmingsvegar under gudsteneste. og Ønskje om brannvakt opplæring i kyrkja.<br>Informasjon om diakoni stillinga. |
| SR 2/25 | **Godkjenning av referat frå førre møte.**<br><br>Sjå tidlegare utsendt vedlegg: «Referat SR 05.12.24»<br><br>**Vedtak:**<br>Referat frå møtet 05.12.24 blei godkjent utan merknader. |

| | |
|---|---|
| SR 3/25 | **Gudstenester sidan sist**<br><br>**8. desember kl. 16.30: Julekonsert.**<br>Dette var eit nytt tidspunkt. Eit godt tidspunkt som gjorde det mogleg at barnekor kunne ta del. Skulekorpset tok ikkje del. Det er eit ønskje om å behalde tidspunktet for framtidige julekonsertar.<br><br>**15. desember kl. 11.00: Avskjedsgudsteneste for Arild Steinsland.** Fest på soknehuset etterpå. Stort oppmøte.<br><br>Til ettertanke: Hugs å inkludere begge sokneråd ved felles arrangement, til organisering og arrangement.<br><br>**24. desember kl.14.30 og 16.00:**<br>6 personer som kirkevert er tilstrekkelig.<br>Mykje folk.<br><br>**Julekonsert på juleafta SOS** skal reknast med i gudsteneste rekneskapet.<br><br>**25. desember kl.11.00**: Omlag 60 personar.<br><br>**31. desember kl.17.00:** Nyttårsafta.<br>Omlag 50 personar. Betre oppmøte på ettermiddag, enn det som har vore ved midnattsgudsteneste. |
| SR 4/25 | **Evaluering av juletrefest på Soknehuset 5. januar 2025**<br><br>Gode tilbakemeldingar frå dei som var på juletrefesten. Vellukka med skodespel, som fanga merksemda til borna. God og tydeleg opplesing frå Leif.<br><br>Om lag 70 oppmøte. Nissen delte ut 28 godteposar til ungane.<br>Juletrefesten varte om lag 1,5 time.<br>Gjenta same program neste år. Alle julesongane kom på storskjerm.<br>Tilbakemelding: Ikkje alle julesongane er kjende for folk på nynorsk.<br><br>1750 kr i kontakt. Vipps gåver: ukjent.<br><br>**Det er ønskjeleg med ein eigen konto til diakoni i Vipps.** |
| SR 5/25 | **Fellesrådet**<br><br>Solfrid orienterer. Eit utval skal gå gjennom stillingane som er i kyrkja. Målet er å få ein oversikt og kunnskap over stillingane i kyrkja før |

| | | |
|---|---|---|
| | | neste fellesrådsmøte i februar. Utvalget skal sjå på økonomi og midlar som er knytta til ulike stillingar, samt heimlane for desse stillingane.<br><br>Eit arbeidsutval skal også gå gjennom sakene som skal takast opp på fellesrådsmøte. Dette inkluderer prest, kirkeverge, leiar og nestleiar i soknerådet.<br><br>**Kyrkjevert koordinator.**<br><br>**Trus opplæringsutval.**<br><br>Møte 10. desember. Anne orienterer. Ny kyrkjelydspedagog er tilsett i 70% stilling og tek til i stillinga 1. august. Fram til dette er det aktivitetar som ikkje blir gjennomført. Her av Etter skuletid og Lysvaken.  Haldis tek ansvar for babysang, dåpsskule, tweensklubb, tårnagentar på Eikeland i denne perioden.<br>Kirkeverge ønskjer å engasjere frivillige fram til nytilsetting i august.<br><br>**Diakoniutvalet.**<br>Orientering om den nye stillingsutlysinga om diakon. |
| SR 6/25 | | **Orientering om den økonomiske stillinga til Den Norske Kyrkja.**<br><br>Rune orienterer om at utlysing av sokneprest stillinga i Valestrand og Førde sokn er utsett. Vikarar går inn i stillinga i mellomtida.<br><br>-<br>Det er eit behov for stabilitet i stillingar i soknet. Fleire i stab med lang erfaring har gått ut av stillingar. |
| SR 7/25 | | **Eventuelt**<br><br>Branntryggleik i kyrkja. Det er behov for ein prosedyre iforhold til brannrutinar for kyrkjevertar. Tidlegare i soknerådet har det vore undervisning i forhold til brannøving og brannsløkking i kyrkja.<br>Rune forspør kyrkjeverje om å arrangere kurs og gjennomgong av brannrutinar for kirkevertar og sokneråd.<br><br>**Lysglobe plassering.**<br>Lysglobe plassert i midtgongen utgjer ei fare for brann når folk går forbi. Forslag setje lysgloben framme ved koret. |
| | | **Avslutting** |